



**Møteprotokoll
for
Utval for levekår**

Møtedato: 16.09.2014
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 16:00 – 21:15

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Kåre Skibenes	KRF	Utvalsleiar
Elna H Bjørndal	H	Nestleiar
Mabel Johansen	H	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Magne Rifsgård	SP	Varamedlem
Haakon Aase	SAM	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Morten Sakstad	SAM
Sølvi Norunn Knudsen	SP
Ørjan Kristiansen	FrP

Desse møtte frå administrasjonen:

Helge Kvam
Eirik Utne og Bente Bing Kleiva i sak 35/2014 og 38/2014
Kontrollør R. Lindnes i sak 36/2014
Kjell Ølnes i sak 37/2014
Reidun Johannessen i sak 39/2014

Sakliste

Saknr	Tittel
32/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
33/2014	Godkjenning av møtebok
34/2014	Referatsaker
35/2014	Kulturmidlar 2014
36/2014	Orientering om status interkommunal alkoholkontroll
37/2014	Orientering om status lokal oppfølging lovbrøt ungdom under 18 år
38/2014	Kulturminneplan for Meland kommune - orientering
39/2014	Status symjeopplæring
40/2014	Høyringsvar - Plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad
41/2014	Aktuelle saker

32/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 32/2014 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

33/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 33/2014 VEDTAK:

Møtebok vert godkjent.

34/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 34/2014 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering.

35/2014: Kulturmidlar 2014

Rådmannen sitt framlegg:

Helge Kvam

03.06.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Endringsframlegg i møtet frå Kåre Skibenes (Krf):

1. Utval for levekår godkjenner innstillinga til kulturmidlar slik den ligg i saka.
2. Utvalet utset avgjerd vedkomande ansvar 501 kulturminne, teneste 3650. Det vert synfaring i møte i september.

ULK - 30/2014 VEDTAK:

1. Utval for levekår godkjenner innstillinga til kulturmidlar slik den ligg i saka.
2. Utvalet utset avgjerd vedkomande ansvar 501 kulturminne, teneste 3650. Det vert synfaring i møte i september.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Magne Rifsgård (Sp) melder seg inhabil.

ULK - 35/2014 VEDTAK:

Innstillinga til tilskot til kulturminnevern, ansvar 501 kulturminne, teneste 3650 blir godkjent slik den ligg ved saka.

36/2014: Orientering om status interkommunal alkoholkontroll

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om status interkommunal alkoholkontroll til orientering.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 36/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status interkommunal alkoholkontroll til orientering.

37/2014: Orientering om status lokal oppfølging lovbrot ungdom under 18 år

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om status for lokal oppfølging lovbrot ungdom under 18 år til orientering.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 37/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status for lokal oppfølging lovbrot ungdom under 18 år til

orientering.

38/2014: Kulturminneplan for Meland kommune - orientering

Rådmannen sitt framlegg:

ULK tar orienteringa til vitande og sakshandsamar tek resultat frå diskusjon/samtale med i det vidare arbeidet.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 38/2014 VEDTAK:

ULK tar orienteringa til vitande og sakshandsamar tek resultat frå diskusjon/samtale med i det vidare arbeidet.

39/2014: Status symjeopplæring

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om status symjeopplæring til vitande.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Dokumentet 'Status symjeopplæring Meland kommune september 2014' vart utdelt i møtet.

Tilleggsframlegg i møte frå utvalsleiar **Kåre Skibenes (Krf)**: Utval for levekår er uroa av ulikskap i tilbod om symjeopplæring mellom skulane i Meland, samt tilgong til bassengkapasitet. Utval for levekår ber rådmann snarast utgreie moglege tiltak på kort og lang sikt.

Framlegget vart **samrøystes vedteke.**

ULK - 39/2014 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om status symjeopplæring til vitande. Utval for levekår er uroa av ulikskap i tilbod om symjeopplæring mellom skulane i Meland, samt tilgong til bassengkapalet. Utval for levekår ber rådmann snarast utgreie moglege tiltak på kort og lang sikt.

40/2014: Høyringsvar - Plikt til å stille vilkår om aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår viser til vedtak i Formannskap sak 115/13. I tillegg vil utvalet gje følgjande merknad: Meland kommune stettar hovudmålsetting med nytt lovkrav om arbeidsretta aktivitet. Ein bør unngå einsidig fokus på arbeidsretta aktivitet, slik at kommunen og kan vurdere å stille andre typar vilkår for å nå intensjon med lovendring. Kommunane bør få tilført statleg finansiering for etablering av nye kommunale tiltaksplassar til målgruppa. Det er ikkje tilstrekkeleg å vente at eventuelle framtidige innsparingseffektar på økonomisk sosialhjelp og skatteinntekt kan forskuttere nye tiltaksplassar.

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

Endringsframlegg i møte frå **Haakon Aase (SAM)**:

1. Utval for levekår viser til formannskapssak 115/13. I tillegg vil utvalet gje følgjande merknad:
2. Meland kommune støttar ikkje målsetjinga om eit nytt lovkrav om arbeidsretta aktivitet.
3. Menneske som mottok t.d. sosialhjelp vil i mange tilfelle ha god nytte av arbeidsretta aktivitet eller andre positive aktivitetar.
4. Kommunen bør få tilført statleg finansiering for etablering av nye kommunale tiltaksplassar for målgruppa, slik at ein kan gje eit betre tilbod til fleire.

Avrøysting:

Endringsframlegget fekk **4 røyster for** (2 Sp, 1 AP, 1 SAM) og **4 røyster mot** (2 Krf + utvalsleiar si dobbelstemme, 2 H), og **fall**.

Framlegget frå administrasjonen fekk **4 røyster for** (2 Krf + utvalsleiar si dobbeltstemme, 2 H) og **4 røyster mot** (2 Sp, 1 AP, 1 SAM), og vart såleis **vedteke**.

ULK - 40/2014 VEDTAK:

Utval for levekår viser til vedtak i Formannskap sak 115/13. I tillegg vil utvalet gje følgjande merknad: Meland kommune støttar hovudmålsetting med nytt lovkrav om arbeidsretta aktivitet. Ein bør unngå einseitig fokus på arbeidsretta aktivitet, slik at kommunen og kan vurdere å stille andre typar vilkår for å nå intensjon med lovendring. Kommunane bør få tilført statleg finansiering for etablering av nye kommunale tiltaksplassar til målgruppa. Det er ikkje tilstrekkeleg å vente at eventuelle framtidige innsparingseffektar på økonomisk sosialhjelp og skatteinntekt kan forskuttere nye tiltaksplassar.

41/2014: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

16.09.2014 UTVAL FOR LEVEKÅR

1. Erling Rønnestad (Krf): Er det nok avlastning for foreldre med born som har ulike nedsatte funksjonshemmingar. Kan utvalet få ein status på situasjonen, korleis vert dette no ivareteke. Vi har fått spørsmål frå aktuelle brukarar og ynskjer tilbakemelding til neste møte i ULK.
2. Administrasjonen ved Helge Kvam orienterte kort, munnleg, om 2 spørsmål jamfør ULK-sak 31/14. Eventuell oppfølging av tema bør handsamast av UDU.
3. Kåre Skibenes (Krf): Framlegg om endra dato for ekstramøte Utval for levekår, frå 02.12.14 til 18.11.14. Det er viktig at Utval for levekår handsamar sak om skulestruktur før Formannskapet sitt møte 26.11.14. Tilslutting i møte.

ULK - 41/2014 VEDTAK:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.
